

SOSIALISTISK *framtid*

NR.1 2020 LØSSALG - KR. 50,-



Sosialistisk historieforståelse



Sosialistisk historieforståelse

SOSIALISTISK framtid

Sosialistisk framtid,
v/ Aslak Storaker
Kollåsveien 50
4900 Tvedestrand
post@sosialistiskframtid.no

ISSN: 1503-6537

Utgivere:
Bevegelsen for Sosialisme,
Marxistisk Forum, Progressivt Forlag og
Norges Kommunistiske Ungdomsforbund

Redaktør: Aslak Storaker.
Redaksjon: Oscar Dybedahl, Erik Dokken,
Maria Bonita Igland, Sindre Mørk,
Aleksander Nordby, Aslak Storaker,
Mathias André Sjøvold, Per Kristian Torp,
Ivar Espås Vangen og Steinar Lorås Sæter

Design: Elise Øraker

Redaksjonen avsluttet: 15.12.2019

Signerte artikler står for forfatters regning
og representerer ikke nødvendigvis utgiver
organisasjonenes synspunkter.

Oppslag: 300

Trykk: Eget

Abonnement på Sosialistisk framtid (fire
nummer): Kr. 250 (Kr. 100 for førstegangsa-
bonnenter). Støtteabonnement: Kr. 300.
Medlemskontingent BfS: Kr. 290 (SF
inkludert i prisen). Skoleelever/dårlig
råd: Kr. 190. Kontonummer for innbetal-
ing av abonnement/kontingent: 0539 19
69657. NB: Ved betaling av kontingent
og abonnement vennligst påfør navn og
adresse og abonnement eller medlemskap i
merknadsfeltet.

Sosialistisk framtid er medlem av
Norsk Tidsskriftforening



LEDER

1989 – skjebneår for arbeiderbevegelsen

Torsdag kveld, 9. november 1989. For første gang siden byggingen i 1961 var Berlinmuren åpen. Østtyskerne strømmet jublende inn i Vest-Berlin. Året etter ble Øst-Tyskland i praksis annektert av Vest-Tyskland og opphørte derfor å eksistere. Samtidig falt de statssosialistiske regimene én etter én i resten av østblokken. Da Sovjetunionens kollaps i 1991 var den europeiske realsosialismen offisielt avgått ved døden. Venstrekreftene i land etter land mista all potens. Det lange tiåret etter 1989 blei gode tider for kapitalen og høyrekreftene, uavhengig av om sosialdemokrater eller konservative styrte.

For menneskene som hadde levd livene sine under realsosialismen blei dette et møte med kapitalismens verste sider. Arbeidsløsheten var enorm gjennom 1990-tallet. Politikken forblei den samme om de stemte på eks-kommunister eller mer uttalte nyliberalister. Etter noen år var de fleste landene både med i NATO og EU. På tross av de mange sosiale problemene forble venstrekreftene små. Arven fra realsosialismen ligger

tungt i folks minne. Det er derfor en tragedie at det er de høyrradikale som nå vinner fram på folks frustrasjon med systemet

Vi må forstå hva man evnet å oppnå i disse landene. På tross av relativt små økonomiske muskler, evnet man å gi folk arbeid og sosial trygghet. I Øst-Tyskland sto kvinnene i en langt sterkere stilling enn i Vest-Tyskland. Slike prestasjoner kunne på sikt likevel ikke trumfe diktaturet og undertrykkinga under Sovjetunionen, noe som blant annet vistes da Praha-våren i 1968 ble knust under sovjetiske tanks.

Vår analyse må være todelt. Vi bør ikke akseptere fortellinga om at alt som foregikk på østsida av jernteppet var en eneste lidelseshistorie for alle. Like fullt må feilgrepa erkjennes slik at de ikke gjentas. Vår sosialismevisjon må være uløselig knytta til demokratiet og være bevisst både historias feilgrep og suksesser. Forkaster man historia, forkaster man også muligheten for å lære av den.

Ivar Espås Vangen

Innhold.....

Chile - landet som ga bort
øyene sine slik at verden kunne
se.....4

Undertrykkende vald herjar
Bolivia.....6

Fortid og framtid i sosialistisk
minnekultur.....8

NATO 70 år for mye.....14

Friedrich Engels: Om
determinisme i historien.....20

Verdens fattige.....22

Bokomtale: Gorbachev, his life and
times.28

Arbeidstyre eller
statskapitalisme.....32

Bokomtale: Gestapos mest ettersøkte
nordmenn.....34



Så lenge masseøydeleggingsvåpen finst, fremst kjernefysiske våpen, så er faren kolossal. Alle nasjonar bør stadfeste at atomvåpen må øydeleggast. Dette er å redde oss sjølve og planeten vår.

Mikhail Gorbatsjov i intervju med BBC

Aldri før har så mange menneske vore på flukt

70,8 millionar menneske er fordrivne frå heimane sine globalt, det høgste talet nokon gong registrert. Av desse er 41,3 millionar internt fordrivne, ifølgje tal frå Flyktninghjelpa senter for internt fordrivne (IDMC), og nesten 30 millionar er flyktningar og asylsøklarar, ifølgje tal frå FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Totalt er det no 2,3 millionar fleire menneske på flukt enn ved utgangen av 2017 og dobbelt så mange som for to tiår sia. Kvar dag tvingast 37.000 menneske på flukt frå heimane sine, i følgje Flyktningrekneskapen 2019, som gis ut av FNs høgkommissær for flyktningar og den norske Flyktninghjelpa.

Transit Magasin

Storstreik i Finland

I desember gjekk 100.000 arbeidadarar og tenestemenn i teknikk-, kjemikalie- og skogsindustrien i Finland ut i streik. Det er Industrifacket, Fackförbundet Pro og Tjänstemannafacket YTN som utlyste ein tredagarstreik etter at haus-tens kollektivavtaletingingar stranda. Industrifacket krev blant anna å skrinleggja den ubetalte forlenginga av årsarbeidstida på 24 timar, som blei innført med 'konkurrenskraftsavtalet', som dei faglege sentralorganisasjonane var med og tinga fram i 2016 for å "förbättra de finländska företagens konkurrenskraft". I eit uttalande på heimseida si klagar den faglege sentralorganisasjonen SAK arbeidsgjevarane for å drive fram ideologiska krav, som innskrenka streike-rett, under avtaletingingane.

Proletären

FN: «Grøn vekst» er umuleg

6. mai slapp FNs naturpanel (IPBES) ein rapport om naturens tilstand. Funna: Tre fjerdedelar av landjorda er vesentleg endra av menneske. To tredjedelar av hava er under sterkt press. Éin million artar står i fare for å døy ut, mange av dei innan ti år. Vi utvinna 60 milliardar tonn av jordas ressursar kvart år, dobbelt så mykje som i 1980 og langt over jordas tålegrenser. Tapet av natur trugar menneskeheita. Rapporten peiker på folkevekst og konsum som den eigentlege drivaren bak både arealtap, klimaendringar, forureining og overfiske, men også at med mindre vi styrer vekk frå paradigmet om økonomisk vekst, vil vi ikkje klare å justere kursen.

Morgenbladet

Saudi Arabia stør Kina sin politikk i Xinjiang

Saudi Arabia har underteikna eit brev saman med 36 andre land til støtte for Kinas politikk i den vestre regionen Xinjiang, kor FN seier at minst ein million etniske uighurar og andre musli-mar er sette i forvaring. Kina beskriv forvaringskompleksa som «trenings-senter for skulering», som skal utrydde ekstremisme og hjelpe til med å gje folk nye dugleikar. Nesten to dusin nasjonar ved FNs Menneskerettsråd har skrive eit brev som oppmodar Kina til å slutte med si masseforvaring. I respons har Saudi Arabia, Russland and 35 andre statar skrive eit brev der dei roste det dei kalla «Kinas merknadsverdige resultat på feltet menneskerettar».

Reuters

Generalstreik mot IMF i Ecuador

Den 7. oktober gjekk tusenvis ut i gatene over heile Ecuador og forlét arbeidsplassane sine i ein nasjonal oppreist mot innstrammingspolitikken til president Lenín Moreno og IMF. Den nasjonale streiken ble organisert av urfolksgrupper i samarbeid med Ecuadors største fagrørslar og studentrørsla, og den vart tungt slått ned på av politi og militære styrkar. Sia han vart innsett, har Moreno sett i gang kraftig innstrammingspolitikk, skore ned på velferdsprogram og løner i offentlig sektor, og dermed auka levekostnadene og forverra kårane for millionar av arbeidarklasse ecuadorianarar over heile landet. Trass i oppmodingar om avgang og eit utbreitt opprør i gatene, så lovar Moreno å halde fast ved presidentvervet.

Left Voice


Kreml prisar spesielt tilhøve til Kina

Moskvas hjelp til Beijing med å byggja eit varslingsystem som skal spore tidlege rakettåtak, viser at dei to landa har eit spesielt forhold. Russland hjelper Kina med å byggja eit tidleg varslingsystem for å avsløre interkontinentale rakettutskytingar, noko berre Russland og USA har hittil. "Dette er noko veldig seriøst, som radikalt vil auke Kinas forsvarsevne," sa Russlands president Vladimir Putin. Kremles talsmann Dmitrij Peskov avviste å fortelja når systemet ville byrja å fungere, men fortalde journalistar på ein pressekonferanse at initiativet viste Russlands nære band til Kina.

The Moscow Times

Chile

- landet som ga bort øynene sine slik at verden kunne se



Av Isidora Cofre Carripan
Student i offentlig administrasjon
og politikk, Universitetet i Chile

Chile har alltid blitt ansett som et av de mest stabile landene i Latin-Amerika, både økonomisk og sosialt. Men det er selvsagt lett å bli vurdert som et av de beste landene å bo i på et kontinent der nivået av vold, utrygghet og fattigdom er så ekstremt høye.

Men til en viss grad så er ikke situasjonen i landet vårt så ulikt som i andre latinamerikanske land og realiteten er at vi er langt ifra den oasen som vår nåværende president Sebastián Piñera sier at Chile er.

For tiden er helsestell, utdanning, offentlig transport, pensjonssystemet, vannsystemet og en stor del av urbefolkningens områder i private hender. Det betyr at for hver av disse tjenestene, som i de fleste land faller inn under statens ansvar å tilby innbyggerne, må folk i Chile betale for å få tilgang.

Nå vil du kanskje lure på om det i det minste er subsidier for folk som ikke har råd til å få tilgang til disse grunnleggende tjenestene. Vel, sannheten er at de finnes, men det er for lite støtteordninger til å kunne dekke behovene til det

enorme antallet mennesker som virkelig trenger det. Det betyr at hvis du ikke vil vente mer enn 10 timer for å få behandling på et sykehus, om du ikke vil at barnet ditt må dele klasserom med 45 andre barn, eller du ikke vil bruke mer enn 2 timer å reise på jobben i en buss eller på en nedbrutt undergrunnsbane, kan du alltid oppsøke de private tilbudene, såfremt du kan betale selvsagt. Så for en familie på fire, der kun en av foreldrene jobber for en minstelønn på 375 USD, er ikke dette et reelt alternativ.

For tiden er helsestell, utdanning, offentlig transport, pensjonssystemet, vannsystemet og en stor del av urbefolkningens områder i private hender.

Vendepunktet kom imidlertid da regjeringen annonserte den tredje økningen i prisene på transport i en periode på mindre enn to år, som tilsvarte mer enn 1 USD per billett. Selv om denne prisen kan virke veldig rimelig i andre land, vil det for en chilensk familie representere litt over 15% av deres minstelønn, om man bare teller en person i familien som reiser til og fra jobb.

I slutten av oktober begynte en gruppe elever på videregående å ikke betale på undergrunnsbanen i Santiago de Chile, som en form for protest. I løpet av de neste dagene begynte tusenvis av andre chilenerne å gjøre det samme, etterfulgt av en rekke protestmarkeringer og demonstrasjoner mot de stadige prisøkningene i offentlig transport, mangelen på legesentre og spesialister innen helsevesenet, de livslange studielånene som så unge folk som 25-åringer allerede har hengende over seg, de lave pensjonene som de eldre må bruke både til livsopphold og helsestell, den dårlige kvaliteten på utdanning for jenter og gutter i den offentlige skolen og regjeringens drap på miljøaktivister og urbefolkningsaktivister i landet vårt.



Mapuchekvinne demonstrerer.
Fotografi av Claudia Pérez Amigo.jpeg

I slutten av oktober begynte en gruppe elever på videregående å ikke betale på undergrunnsbanen i Santiago de Chile, som en form for protest. I løpet av de neste dagene begynte tusenvis av andre chilenerne å gjøre det samme, etterfulgt av en rekke protestmarkeringer og demonstrasjoner

Dette er måten Chile våknet fra stillheten overfor sosial urettferdighet og ulikhet for 50 dager siden. Men denne oppvåkningen har ikke vært lett. Graden av undertrykkelse ute i gatene under protestene har vært skremmende. For eksempel har over 200 mennesker fått øyeskader og til og med delvis eller fullstendig tap av synet som følge av politiets bruk av luftvåpen. Det er flere tilfeller av mishandling, voldtekt og tortur utført av politiet i hemmelige tortursen-

tere. På toppen av dette er det, i skrive- de stund, seks saker i rettssystemet som omhandler drap mot sivile utført av landets politi og militær.

Som chilensk statsborger og en aktiv deltaker i protestene i landet mitt, fordømmer jeg åpent politivolden utført av den chilenske staten og mediesensuren av alle tilfeller av menneskerettighetsbrudd som har skjedd under disse 50 dagene med sosial mobilisering. Jeg vil

gjøre det klart at til tross for uttalelsene til vår nåværende president Sebastián Piñera, så er ikke Chile i krig, det er ingen væpnede bevegelser eller utenlandsk finansiering av protestene. Det er bare manifestasjonen av et folk som er lei av undertrykkelsen og ulikheten som nå rår i landet vårt. Et land som ga bort sine øyne slik at verden kunne virkelig se.

Oversatt av Erik Dokken

Undertrykkande vald herjar Bolivia. Anez-regimet må haldast ansvarleg!

Av Angela Davis, Noam Chomsky,
Molly Crabapple, John Pilger og
850 andre.

Me oppmodar det internasjonale samfunnet til å slutte å støtte denne regjeringa som bryt menneskerettane på det grovaste.

Evo Morales, president i Bolivia frå MAS-partiet (Movimiento al Socialismo/Rørsla for sosialismen), vart tvungen til å gå av 10. november i det som mange observatørar reknar som eit regelrett kupp. I kjølvatnet av at Morales gjekk av, har det kome til kaos og vald. Det som no hender i Bolivia er høgst udemokratisk og me har vore vitne til nokre av dei verste brota på menneskerettane frå politi- og militærmakta sidan tidleg på 80-talet då ein gjekk over til borgarleg styresett. Me fordømer valden på det sterkaste, og oppmodar Sambandsstatane og andre utanlandske styresmakter til med ein gong å slutte å støtte dette regimet. Me ber media om å gjera meir for å dokumentere dei aukande menneskerettsbrota som vert utførte av den bolivianske staten.

**Anez
representerer
ytre høgre av
den
bolivianske
opposisjonen**

10. november gjekk visepresidenten til Morales og leiarane for båe kammera i parlamentet også av, etter trugsmål om vald mot leiande MAS-politikarar om dei ikkje gjekk av. Presskampanjen inkluderte bortføring av slektningar og brenning av hus til leiande MAS-representantar. Dette bana veg for Jeanine Anez (ein konservativ romersk-katolsk opposisjonsleiar frå det nordaustlege Bolivia, av mange skulda for å ha rasiske haldningar) til presidentskapen 12. november.

Omstenda kring dei snøgge avskila gjer at ein kan setja store spørsmålsteikn ved maktovertakinga til Anez. Det er stor tvil om den konstitusjonelle legitimiteten til overtakinga. Utan dei tvungne avskila til leiande MAS-representantar, hadde ikkje Anez hatt så mykje som ein minimal sjanse til å verte president, ettersom ho var visepresident i senatet, ein posisjon som grunnlovsmessig ikkje kvalifiserer til presidentskap. I tillegg fekk ikkje partiet til Anez meir enn 4% av røystene i valet, og då ho erklærte seg som president, mangla senatorane frå MAS-rørsla, ettersom dei frykta for eiga helse.

Anez representerer ytre høgre av den bolivianske opposisjonen, og dei har profittert på maktvakuumet som var eit resultat av Morales si vilje til å konsolidere makta i staten. Anez ser ut til å ha full støtte frå militæret og politiet. Dei siste vekene har militæret og politiet involvert seg i stendig aukande grad for å slå ned stort sett frededelege demonstrasjonar. Om kvelden 13. november var gatene i La Paz og Cochabamba tomme

forutan politi, militære og sjølvutnemnde borgarvernsgrupper. Det har vore omfattande plyndring, bygningar har vorte brende ned, vald i gatene og demonstrantar har vorte møtt med mykje undertrykking. 15. november utsendte Anez ein skremmande presidentordre, som fritek militæret for strafferettsleg ansvar ved maktbruk. Anez seier at Morales vil verte framstilt for retten om han kjem attende til Bolivia. Anez har også lansert ideen om å forby MAS, som utan tvil framleis er den mest populære politiske maktfaktoren i Bolivia, å ta del i kommande val.

Like forstyrrande er den gryande rasismen mot urfolk den siste veka. Rett etter at ho erklærte seg som president, heva ho ein diger bibel og sa «Bibelen har vendt attende til palasset!» Tre dagar tidlegare hadde Luis Fernando Camacho, ein ytre høgre forretningsmann og alliert av Anez, reist til presidentpalasset og knelt framfor ein bibel på toppen av eit boliviansk flagg. Ein pastor som var i lag med han sa til pressa, «Pachamama (urfolksgudinne, omsetjar sin merknad) skal aldri vende attende til palasset!». Opposisjonsaktivistar brende wiphala-flagget (viktig for urfolk) ved fleire høve. Dette er ekstremistiske haldningar som trugar tiår med mangfald og inkludering mellom ulike etniske grupper i Bolivia.

Trass aukande vald og undertrykking har mangfaldige sosiale krefter i heile landet demonstrert for å fordømme Anezregimet. Det er viktig å merke seg at dette ikkje berre er MAS-tilhengjarar men også ei rad andre folk som



Ordføreren i Vinto, Patricia Arce Guzman, blei skamklipt og paradert av høyreekstrem mobb 6. november

går i mot høgrefløy-kapringa av staten. Tusenvis av stort sett uvæpna demonstrantar, for det meste kokabønder, samla seg i Sacaba i Cochabambaprovinen morgonen 15. november. Etter mislukka forhandlingar om å få lov til å marsjere inn til bysentrum, freista demonstrantane å ta seg over ei bru heftig overvaka av politi- og militærtropper. Soldatar og politi fyrte av gass og skarp ammunisjon mot folkemengda. Under ein to timar lang konfrontasjon, vart ni drepne og ytterlegare minst 122 skadde. Dei fleste vart råka av skotskadar.

Guadalberto Lara, direktøren ved det meksikanske sjukehuset i byen sa til AP at valden var den verste han hadde sett i ein 30 år lang karriere. Familiene til ofra heldt ei ljossamling seint på fredagen i Sacaba. Ei tårefull kvinne la henda sine på eit skrin og sa «Er det dette du kallar demokrati? Drepe oss som om me ikkje var noko som helst?»

Me fordømmer den undertrykkande statsvalden som no utfaldar seg i Bolivia. Me er også uroa over at internasjonale media ikkje på ein effektiv måte har kunna dekke menneskerettsbrota som har gått føre seg i Bolivia, sidan dei sjølv også har vore utsett for militær-

vald. 15. november vart ein Al-Jazeera reporter som dekkja protestar i La Paz offer for gassåtak av politiet, og kunne ikkje lenger halde kamera eller mikrofon. Sjølv om ho seinare trekte det attende, sa den nye kommunikasjonsministeren at dei ikkje ville tolerere «opprørse» media. Dette miljøet, der pressefridom ikkje er garantert, men heller truga av styresmaktene har resultert i låg dekning av dei store menneskerettsbrota som vert utført av dei væpna styrkane mot uvæpna sivile demonstrantar.

Opposisjonsaktivistar brende wiphala-flagget (viktig for urfolk) ved fleire høve

Me er indignerte over Anezregimet sine brot på politiske-, sivile-, og menneskerettar og den avskyelege bruken av daudeleg vald som har ført med seg fleire drepne og alvorleg skadde demonstrantar. Me oppmodar det internasjonale samfunnet til med ein gong offentleg å fordømme desse valdshandlingane. Me ber internasjonale menneskerettsorganisasjonar om å setje i verk uhilda granskingar av valdshandlingar utført av statsagentar. Me krev at det internasjonale samfunnet forsikrar seg om at dette de facto regimet, som er høgst tvilsamt og sett på av mange som heilt utan legitimitet, vernar om livet til fredelige demonstrantar, har respekt for ytrings- og forsamlingsfridomen og held seg til internasjonale retningslinjer for bruk av makt mot sivile. Me krev at Sambandsstatane og andre styresmakter sluttar å støtte dette regimet, og trekkjer attende godkjenning fram til frie val, der alle politiske parti får vere med, er heldt, og undertrykkande vald stoppar og grunnleggjande menneskerettar for alle bolivianarar er respekterte.

Omsett av Johan Jensen.



Fortid og framtid i – nokre utfordringar



Av Steinar Lorås Sæter

Fortiden fører med seg en hemmelig indeks som henviser den til frelsen. For streifes vi ikke selv av et drag av den samme luften som omga tidligere mennesker? Er det ikke i stemmene som fyller ørene våre et ekko av de som nå har forstummet? Har ikke kvinnene vi omsvermer søstre de aldri har kjent? Om det er slik, da finnes en hemmelig avtale mellom tidligere generasjoner og vår egen.¹

Lær av historia! Eller meir avdempa og ope, men framleis på same premissen: *Kva kan vi lære av historia?* Dette synet på fortida, som føreset at ho er eit lukka landskap, ei stengd erfaring og nærast eit pedagogisk oppslagsverk, er utbreidd. Eleven som møter historieboka for første gong, ser ofte på fortida slik: *Her, mellom desse permanente, finst forteljinga om det som har vore, men som no er borte. Vi er heldige som lever i dag, og vi har mykje å takke Historia for. For oss gjeld det no å trekkje slutningar av dette, lære av det som vart gjort rett – og av det som vart gjort feil.*


Antonio Gramsci minte oss i 1919 om at eit slik tidsomgrep kan sette stengsel mellom notid og fortid: *Historia underviser, men ho har ingen elevar.* For fortida forsvinn aldri heilt frå oss, sjølv om alt som heftar ved henne, som gjenstandar og førestillingar om ho, risikerer å hamne i gløymsla. Men byttar vi preposisjon, så ser det annleis ut: Vi lærer

ingenting av historia, men det nok mogleg å lære i ho. Dette tyder for det første å avvise at «Det var en gang..», som er kjensla mange meiningsprodusentar ønsker at vi skal sitte att med etter at vi har orientert oss i tid. Historia er ikkje – og var aldri – eit eventyr. Ho er heller ei stor utfordring, ho er både usikkerheit og moglegheiter, og ho kan ha mange utgangar. Og sjølv om heile det 20. hundreåret, med sine mange uventa vendingar, er ei lang åtvaring mot eit deterministisk historiesyn, har ærlege menneske både på og utanfor venstresida få grunnar til å sjå lyst på framtida.

15.000 atomvåpen er éin grunn til å frykte framtida, men framfor alt er det dogmet om business as usual som er skremmande. Estimert frå FN peiker kjøleg på at kring 60 % av alt dyreliv på jorda er utrydda i underkant av dei siste 50 åra. Mindre nøkterne er dei vitenskaplege åtvaringane, jamvel om dei er omstridde, om at vi nærmar oss eit

klimatisk vippepunkt, ei terskelgrense. Om det kapitalistiske lokomotivet skrid over denne, kan klimaendringane akselerere så kraftig i intensitet at dei løper løpsk. Konsekvensane kan vi vanskeleg ane noko om. Når dette kan skje, eller om terskelgrensa allereie er i ferd med å bli passert, veit vi ikkje.²

Det politiske leiarskapet verkar å vere ute av stand til å gjere noko med dette problemet. I alle meiningsfulle tydingar av ordet finst det ikkje noko grønt skifte, sjølv om alvorsame politikarar ivrig deltar i Det Grøne Ordsiftet. Sidan herskarane ikkje vil løyse opp dei grunnleggande motsetningane som ligg til grunn for klimakrisa, er det derfor det Gramsci kalla ei stor organiske krise vi potensielt står overfor: Ei samantvev samfunnskrisa av økonomisk, sosial, politisk og ideologisk karakter, ei hegemonisk krise for herskarklassen der han ikkje lenger maktar å styre gjennom å skape samtykke om dei store og vikti-



sosialistisk minnekultur

ge linjene for vegen vidare inn i det 21. hundreåret. Men med organiske kriser kjem det også potensial, og dei kan føre med seg vilkårsmoglegheiter for å endre verdiar og haldningar som ligg til grunn for heile det kapitalistiske samfunnsstyret.³ Samtidig ser vi no at kapitalismens politiske agentar i krisetid på ny er kalla fram – dei høgreradikale rørsleane styrker seg verda over, seinast i Bolivia. Vi må spørje oss: Korfor verkar kreftene for radikal og progressiv forandring, særleg den anti-kapitalistiske venstresida, ute av stand til å mobilisere breitt for eit klårt politisk alternativ, til dømes eit økososialistisk samfunn?

Nederlagsdialektikk og venstresidemelankoli


Historikaren Enzo Traverso, forfatteren av *Left-Wing Melancholia*, meiner at hovudgrunnen til avmakta vår er at det sosialistiske historiemedvitet fram-

I alle meningsfulle tydingar av ordet finst det ikkje noko grønt skifte, sjølv om alvorsame politikarar ivrig deltar i Det Grøne Ordskiftet.»

leis ligg i grus etter at statssosialismen klappa saman rundt 1989. Historiemedvit tyder her den allmennmenneskelege trongen til å binde i hop fortid, samtid og framtid. Måten vi førestiller oss fortida på er avgjerande for korleis vi orienterer oss i samtida, og dermed for vala vi tar, vegane vi stakar ut inn framtida. Vi har alle vårt individuelle historiemedvit, men desse medvita blir først mektige som kollektive erindringar innan eit etablert historitetsregime i eit gitt samfunn. Dette er feltet der meir eller mindre konkurrerande oppfatningar og erindringar om fortida formar Trondheim, Norge eller Europa på politisk, kulturelt og ideologisk vis. På bakgrunn av dette er 1989 framleis ei krise, ikkje



Osvald-monumentet på Oslo S. Foto av Christian Vassdal



Left wing melancholia

fordi ei rad tyranniske regime braut saman, men fordi samanbrotet tydde at «the shipwreck of hopes of a century of emancipatory struggles» vart berrlagde og sendt til ideologisk opphogging hos klassefienden.⁴ Det er dei store konseksjonane i kampen om samfunnsforståinga som arbeidarrørsla har måtta gi som ei følge av samanbrotet i 1989, som ifølge Traverso gjer 1989 til ei historisk krise på lik linje med Hitlers maktovertaking i 1933, Francos siger i Den spanske borgarkrigen og Hitler-Stalin-pakten i 1939.

Det er framfor alt venstresidemelankolien som har gått tapt sidan 1989, ifølge Traverso. Melankoli er ei tapskjensle

som liknar på sorg, men sorg er ein prosess der den sørgande til slutt overkjem lidinga si og endeleg legg det tapte, i vårt høve ein utopisk samfunnsvisjon, attom seg. Dette gjer at den sørgande kan komme seg vidare og rette hugnaden sin mot noko nytt, han kan gi opp og tilpasse seg samfunnet kring seg. Men melankolikaren kjem seg ikkje vidare. Han identifiserer seg med det tapte og gjer om lidinga si til ein indre isolasjon som avskjer han frå verda kring seg. Tesen er derfor: Ut av denne tilstanden prega av katastrofale erfaringar (tapte kampar, audmjuking, forfølging, eksil) sprang det ei valdsam kraft som kunne nyttast til å smi sterke kollektive erindringar. I denne måten å tenkje om tid på minner

forfattaren oss om at det ikkje fanst endelege nederlag, berre tapte slag.⁵

Dette er eit historiemedvit som ifølge Traverso har vore utslitande, men ikkje mørk eller demotiverande. Korfor? Nettopp fordi negative kjensler vart smelta saman med ein utopisk forventningshorisont og eit historisk perspektiv. Dette historiemedvitet vart derfor sterkt politiserande, og det skapte beundring, inspirerte til mot og forsterka lojaliteten til arbeidarrørsla sine lovnadar om radikal endring. Det er kanskje dette som meningsinnhaldet i fortetta motto som *kampen held fram* djupast sett handlar om? Traumatiske nederlag gav legitimitet til nye kampar, ein vørndnad overfor politiske forfedre og etterkommarar vart skapt, og dei som aksepterte arbeidarrørsla sitt verdsbilette kunne trekkje på dette som nærast ein uutømmelege ressurs til politisk kamp. Men kring 1989 falt mykje av dette saman, skal vi tru Traverso. Den historiske erindringsdialektikken mellom fortidige erfaringar og ei utopisk framtid er no broten eller skjult.

Etter statssosialismen: Evig notid i ei lukka verd?

Boka si største styrke er analysen av historitetsregimet som har vunne fram etter 1989. Den direkte årsaken til minnekrisa vår er openbert at statssosialismen imploderte, men Traverso minner oss om viktige medverkande årsaker. Fleksible og prekære arbeidsforhold har gradvis erstatta dei store produksjonsverksemdene som lenge kjenneteikna industrikapitalismen i hans gyldne augneblink, og dette har tydeleg svekt dei sterke arbeidarkollektiva i Vest-Europa. Politisk sokna ofte desse i sine hundretusenvis til sosialdemokratiske og kommunistiske parti, parti som var viktige

**Det sosialistiske
historiemedvitet
ligg framleis i
grus etter at
statssosialismen
klappa saman
rundt 1989**

Dette har kanskje sine vilkår i ein viktig tanke i sosialdemokratisk historiefilosofi: Trua på Den Store Utviklinga

aktørar i danninga av kollektive politiske erindringar. Slik er omdanninga av dei tradisjonelle massepartia i arbeidarrørsla til valmaskiner på jakt etter politiske kundar også ein sentral årsak til eit historiemedvit i krise.⁶

Samla sett har dette rydda vegen for ein stor offensiv der liberale meiningsdannarar no krev at alle tidlegare forsøk på å endre verda må erkjennast som feilslåtte. I dette regimet er utopiane anten bannlyste eller latterleggjorde, medan kapitalismen, ein samfunnsformasjon som har oppstått historisk og som derfor er forgjengeleg, skal framstå som like evig og fast som fjell. Ved å trekkje vekslar på blant anna filosofen Frederic Jameson, som har observert at det ved inngangen til år 2000 var enklare å førestille seg at verda heller enn kapitalismen gjekk under, brukar Traverso omgrepet *presentism* for å skildre historitetsregimet som har konsolidert seg som hegemonisk i Vesten etter 1989.⁷

Presentisme gir assosiasjon til at det er samtida som no er sentral. Heile førestillingshorisonten om tid blir såleis freista kraftig innsnevra, vi blir fanga inn i ei evig samtid og ei totalitær fortid som blir klistra på oss og vanskeleg vil vekk. I skildringa av dette nyliberale historitetsregimet er forfattaren god, og han får godt fram grovdraga ved det, for erindringsoffensiven frå nyliberalt hald har nokre kjennemerke som går att.

Det nyliberale historitetsregimet ønsker for det første ikkje å formidle fortida som ei håpefull revolusjonstid, men som ei tid med vald. I denne minnekulturen er fokuset på offera (Holocaust), ikkje på dei som ytte motstand og eventuelt vart nedkjempa (anti-fascistar). Fortidige aktørar skal helst ha status som makteslause offer for å få plass i det offentlege

minnet, der dei ofte blir innordna under det forenklande motsetningsparet gjerningsmenn-offer. Når Traverso trekkjer fram desse tropane som sentrale i dag, gir det unekteleg eit friskt perspektiv på kva som må til for å rokke ved dei hevdvunne tenkjemåtane om fortida i Norge i dag. Den andre verdskrigen er eit av dei viktigaste emna i det norske historitetsregimet. Ved å skrive om handsaminga av norske jødar er Marte Michelet no den viktigaste utfordraren til Akershus festning si store fortelling om krigen. Michelet starta debatten i 2014 med utgjevinga *Den største forbrytelsen*. Når undertittelen er *Ofre og gjerningsmenn i det norske Holocaust*, kan det tyde på at ho har tidsånd med seg når ho slår seg opp som erindringsdannar i det norske historitetsregimet.

For det andre har historitetsregimet ein klår moral mellom linjene: Vi må lære om ofra sine lidningar for at historia ikkje skal gjenta seg. Likeins må vi forstå at utopiar gjer blind og nødvendigvis en-

Samla sett har dette rydda vegen for ein stor offensiv der liberale meiningsdannarar no krev at alle tidlegare forsøk på å endre verda må erkjennast som feilslåtte

dar i despotiske styresett. Dette er eit syn på fortida som fungerer passiviserande; det kan blokkere for at unge menneske går inn i si tid for sjølve å vere historiske aktørar.

Traverso meiner derfor at det som er att av venstresidemelankoli i dag er eit resultatet av ein sorgprosess som ikkje er mogleg: Kommunismen, slik han fortonte seg i det 20. hundreåret, er både ei tilbakelagt erfaring og eit uerstatteleg tap i ei tid der det er vanskeleg å leggje sjølve ideane i kommunismen attom seg.⁸ Like vanskeleg er det å gå inn i samtida og stake ut eit politisk prosjekt som skil seg både frå kapitalens status quo og eit visjonslaust sosialdemokrati.

Her er vi vel ved innlysende, massepsykologiske grunnar til at dei venstrepulistiske prosjekta, som går til val på å vere mot nyliberal kuttpolitikk, vaklar og ikkje greier å definere eit truverdig politisk program for ei framtid bortanfor kapitalismen.

Sjølv om forfattaren teiknar opp eit dystert samtidsbilde, manar han til kamp for ei revitalisering av den sosialistiske historiekulturen under parolen: Organiser pessimismen! Forfattaren argumenter interessant, men dels sjevande og vagt, for at den fremste strategiske oppgåva no er å overkomme traumet frå 1989, ikkje å avvikle kapitalismen. Programmet hans er likevel ikkje å gi avkall på ideen om sosialisme og håpet om ei bedre framtid, men «[...] to rethink socialism in a time in which its memory is lost, hidden, and forgotten and needs to be redeemed».⁹ Men kva tyder eigentleg dette? Om venstremelankolien skal vere ei nyskapande politisk kraft i dag, kan den vanskeleg handle om nostalgisk beundring for statssosialismen, stordomstida til sosialdemokratiet eller eit anna politisk regime. Det kan dermed bli forholdsvis uinteressant å spørje seg kva Gerhardsen ville ha gjort.

Historie som opa tid

Traversos analyse er tidvis målt med brei pensel. Er den i det heile overførbar på norsk historie og samfunnsforhold? I kva grad har til dømes den norske arbeidarrørsla vore prega av melankolske tenkjemåtar? Stilt historisk er nok dette langt på veg eit ope spørsmål. Historiemedvitet og -kulturen i norsk arbeidarrørsla er eit emne som i liten grad er utforska historievitskapleg.¹⁰

Venstresida fører erindringskampar om historitetsregimet i Noreg, og det tyder på at det nyliberale minneregimet er mindre konsolidert her enn andre stadar. Kampen om minnesmerket for den anti-fascistiske Osvald-gruppa som hadde ein kommunistisk kjernen, er eit av dei nyare døma på dette. Monumentet, ein diger hammar som knuser hakekrossen, er reist av LO i Oslo med historikaren Lars Borgersrud i spissen. Inngraverte er Asbjørn Sundes ord: *Det var verd å kjempe for friheten – for alle land, for alle raser, for alle klasser, for alle mennesker*. At eit såpass politiserande monumentet skulle settast opp i hjartet av Oslo sentrum vart for sterk kost for

liberalkonservative penneekhtar som Bård Larsen og Harald Stanghelle, som først og fremst forsøkte å argumentere estetisk mot oppsettinga av monumentet. Det er likevel klart at monumentet var utoleg av di det minst motstand ytt av nettopp kommunistar. Debatten om reisinga av monumentet er eit lærerikt studium i erindringskamp drive av høgresida.¹¹

Sentrale sosialdemokratiske tenkjemåtar står også i vegen for å reise ein utopisk forventningshorisont for den politiske kampen i Noreg. Walter Benjamin (1892-1940) er mellom dei som kan lære oss at ein kritisk venstresidemelankoli ikkje oppstår av seg sjølv. Det finst både dialektikk og positivisme i historiesynet til Marx, men det er framfor alt tyske sosialdemokratiet som har utvikla det positivistiske historiesynet i arbeidarrørsla. Her blir det kritiske potensialet i melankolien ofte forsøkt fylt med passivitet, kynisme og fatalisme. Dette har kanskje sine vilkår i ein viktig tanke i sosialdemokratisk historiefilosofi: Trua på Den Store Utviklinga. Denne har ikkje myndiggjering og frigjering av arbeidsfolk som formål, men å få arbeidarklassen til å slutte rekkene bak leiarskapen i arbeidarrørsla, som tar dei viktige avgjerdene for oss. For Benjamin var denne framstegstanken ein farleg myte som tappa arbeidarklassen for kampkraft og endeleg demobiliserte han.¹²

Døma på at sosialdemokratar ønsker å skape passivitet ved å skremme om framtida, er mange. Grunnplanet i fagrørsla tar no i aukande grad eit negativt standpunkt til EØS-avtalen. I sin iver etter å skape ro og aksept for Tingenes Orden finn tillitsvalde sosialdemokratar og NHO-toppar kvarandre i eit djupt fatalistisk syn på framtida. Både Stein Lier Hansen, NHO, og Gard Folkvord, Ap og tillitsvald ved sinkverket Boliden på Odda, nøler ikkje med å skremme om industridød og -utflagging for å unngå at fagorganiserte tenkjer sjølv om konsekvensane av EØS-avtalen.¹³

Når forvaltarane av Den Store Utviklinga ikkje lenger kan betale sine politiske kundar, kva skjer da? Det er kanskje når det røyner på som mest at konsekvensane av den sosialdemokratiske historiefilosofien verkeleg syner seg. Hausten 2017 kom meldinga om at Sylvi List-

haug leggjer ned det store asylmottaket på Sunndalsøra, tettstaden i Sunndal kommune på Nordvestlandet. Her har ein vore vand til at det stasberande Arbeidarpartiet og toppane ordnar opp. Staden er ein sosialdemokratisk bastion bygd kring det store aluminiumsverket til Hydro, tidlegare ÅSV. Her fanst eit veldrive og stort asylmottak som hadde vore i verksemd i nærare 30 år. For utan å fylle ein viktig samfunnsmessig funksjon, var asylmottaket også ein stor arbeidsplass i kommunen. Eit samla lokalsamfunn var likevel ute av stand til kjempe mot Listhaugs avgjerd. Som mottrekk til Listhaugs politiske vedtak om å leggje ned, skipa innbyggjarane i staden til apolitisk sørgemarkering. Markeringa, som var stor og verdig på

**Når stortoppen
Jonas Gahr Støre
seier at «Det er
sterke, nesten naturgitte drivkrefter
som bidrar til at vi
får større forskjeller i Norge», seier
han eigentleg at det
ikkje nyttar å kjempe
mot maktene
som driv fram denne
ulikskapen.»**

sine premisser, fungerte i alle høve som spontan kollektiv terapi.

For det er dette det handlar om: Den kollektive rådløysa som oppstår når sosialdemokratiske institusjonar tekne for gitt forsvinn nærast over natta, ikkje av naturlege årsakar, men av politiske grunnar. Det politiske leiarskapet i kommunen var også lamslått. Ordføraren sa forsikrande at «alt skal være prøvd» i kampen for asylmottaket, medan han leigde inn eit kommunikasjonsbyrå.¹⁴ Dette er ein sjølvavslørande tenkjemåte som finst i heile sosialdemokratiet, også i leiinga. Når stortoppen Jonas Gahr Støre seier at «Det er sterke, nesten naturgitte drivkrefter som bidrar til at vi

får større forskjeller i Norge», seier han eigentleg at det ikkje nyttar å kjempe mot maktene som driv fram denne ulikskapen.¹⁵ Det er vanskeleg å tolke dette som noko anna enn ei fornektning av kamptradisjonane som arbeidarrørsla er tufta på.

Ifølge Walter Benjamin var alternativet til den sosialdemokratiske framstegstanken å sjå forholdet mellom fortid og notid som ei opa tid. Det overordna arbeidsspørsmålet er: Korleis kan vi nytte fortida til å fremje politisk kamp i dag? Benjamins metode var å arbeide gjennom dei politiske motsetningane av i dag. Dette er vilkåret for å kunne mobilisere fortida på ein politiserande måte som styrkar kampen. Og gjennom å endre notida kan ein såleis berge gamle håp og kampar frå å hamne i den kollektive gløymsla. Det er dette Benjamins omgrep *jetzt-zeit*, situasjonar som gjer det mogleg å binde i hop den dialektiske linken mellom ei fortid som ikkje er fullbyrda og ei utopisk framtid, handlar om: «Å artikulere det forgangne historisk vil ikkje si å erkjenne *hvordan det da egentlig var*. Det vil si å bemektige seg en erindring slik den glimter til i et øyeblikks fare».¹⁶ Å vise at fortidige håp og kampar går att i dag, er likevel inga enkel oppgåve. Det handlar sjølvstundt ikkje om å gjenta desse på ein identisk eller repeterande måte – fokuset er å endre samtida. Nostalg og romantisering må vi derfor avvise, slikt gjer det vanskeleg å tenkje klart om tida vår.

